Høyanger kommune

Konkurransegrunnlag

1. Oppdraget

1.1 Oppdragsgjevar

Høyanger kommune, heretter kalla oppdragsgjevar, byr inn til open anbodskonkurranse i samband med detaljprosjektering av bustadar for menneske med nedsett funksjonsevne i Hjetlandsbakkane burettslag.

Anskaffinga gjennomførast i samband med Lov og Forskrift om offentleg anskaffing. Sjå elles under pkt. 2 - Alminnelege regler for gjennomføring av konkurransen.

Oppdragsgjevar for denne anskaffinga er Høyanger kommune. Oppdragsgjevars kontaktperson vert Jaran Tennefoss Vefring.

Korrespondanse skal skje via KGV løysing, EU supply.

1.2 Formålet med anskaffinga

Høyanger kommune skal anskaffe rådgjevargruppe for detaljprosjektering av ombygging og bruksendring av delar av Hjetlandsbakkane burettslag til 8 omsorgsbustader med tilhøyrande fellesareal og personalbase. Oppdraget omfattar vidareføring av eksisterande forprosjekt til eit komplett og koordinert detaljprosjekt med tilhøyrande kostnadsoverslag, vurdering av entreprise- og kontraktstrategi og utarbeiding av nødvendig konkurransegrunnlag for vidare gjennomføring av prosjektet.

1.3 Kontraktsvilkår

Oppdraget vert gjennomført etter NS 8402 Alminnelege kontraktsbestemmelsar for rådgivningsoppdrag honorert etter medgått tid.

Leverandøren skal utarbeide eit honorarbudsjett fordelt på fagområde, nøkkelpersonell og estimert timeforbruk. Honorarbudsjettet skal inngå som del av kontraktsgrunnlaget og danne grunnlag for oppfølging av framdrift, ressursbruk og økonomi gjennom oppdraget. Vesentlege avvik frå honorarbudsjettet skal utan ugrunna opphald meldast til og avklarast med oppdragsgivar.

Byggherren forbeheld seg retten til å avlyse priskonkurransen ved sakleg grunn. Deltakarane i konkurransen har i så tilfelle ikkje krav på erstatning for kostnader til å utarbeide søknad, tilbod og andre kostnader som deltakarane er påført som følge av konkurransen.

1.4 Planlagt framdrift

Oppdragsgivar har lagt opp til følgande framdrift for anskaffingsprosessen.

Aktivitet	Tidspunkt
Kunngjering i DOFFIN	01.07.2026
Frist for spørsmål	29.07.2026, kl 12:00
Frist for å levere tilbod/Tilbodsfrist	05.08.2026, kl 12:00
Signering av kontrakt	Veke 32
Klagefrist	10 dagar etter kontraktstildeling
Kontraktsinngåing	Etter klagefristens utløp
Tilbodets vedståingsfrist	90 dagar etter tilbodsfrist

Det blir gjort merksam på at endringar/forskyvingar kan skje innafor den perioden tilbodet er bindande. Ein eventuell forlenging av vedståelsesfrist kan berre skje med samtykket til tilbydar. Videre forbeheld også oppdragsgivar seg retten til kunne forskyve framdrifta på prosjektet.

2. Reglar for gjennomføring av konkurransen og krav til tilbod

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga vert gjennomført i samsvar med lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlege anskaffingar (anskaffelseslova) og forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlege anskaffingar (anskaffelsesforskrifta). For denne anskaffinga gjeld forskrifta del I og del II. Vald prosedyre er open tilbodskonkurranse, jf. anskaffelsesforskrifta § 8-3.

Oppdragsgjevar planlegg å tildele kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å gjere eventuelle avklaringar/korrigeringar. Oppdragsgivar tek atterhald om retten til, men ikkje plikt til å gjennomføre dialog gjennom forhandlingar med inntil tre av leverandørane som leverer tilbod i konkurransen. Forhandlingane kan gjelde alle sider ved tilboda. Utvalet av kven det eventuelt vil bli forhandla med, vil bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria.

Det blir presisert at ingen leverandørar kan forvente dialog om tilbodet sitt og derfor må levere sitt beste tilbod.

2.2 Kunngjering

Konkurransen blir kunngjort elektronisk på DOFFIN/EU-supply

2.3 Lønns- og arbeidsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjoner i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

2.4 Skatteattest

Valde leverandør skal på førespurnad levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom valde leverandør er norsk.

Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere førespurnad om å delta i konkurransen eller tilbod.

2.5 Teieplikt

Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA § 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

2.6 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.4.

2.7 Endring i konkurransegrunnlaget

Oppdragsgjevaren har rett til å gjere rettingar, tillegg og endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er av vesentleg karakter, heilt fram til fristen for levering av tilbod går ut. Melding om dette vert å sende alle som har registrert seg som deltakar i konkurransen, gjennom EU-Supply (kgv).

2.8 Spørsmål og svar/tilleggsopplysningar

Eventuelle spørsmål skal rettast gjennom spørsmål og svar funksjonen i EU-Supply. Svar blir sendt til alle som har registrert seg som mottakar gjennom EU-Supply. Dersom de finn feil eller uklarheiter i

konkurransegrunnlaget, så gjer vel å melde desse til kontaktperson gjennom EU-Supply i god tid før tilbodsfristen sitt utløp.

3. Kvalifikasjonskrav

For å kunne få tilbodet sitt evaluert må leverandøren levere etterspurt dokumentasjon på at han oppfyller kvalifikasjonskrava.

3.1 Leverandøren si registrering, autorisasjon mv.

Kvalifikasjonskrav 1	Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.
Dokumentasjon	Norske selskap: Firmaattest Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

3.2 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet

Kvalifikasjonskrav 2	Det vert kravd at leverandøren har økonomisk evne til å gjennomføre oppdraget. Minimumskrav er at leverandøren er kredittverdig, med kredittverdig visast det til; score på tilfredsstillende/god eller betre på minst to av kriteriene soliditet, likviditet og lønnsomhet.
Dokumentasjon	Oppdragsgjevar vil evaluere på bakgrunn av rekneskapstal og nøkkeltal registrert i Proff. For leverandørar som ikkje oppfyller krava ovanfor kan ein levere anna dokumentasjon som syner at tilbydar er kredittverdig.

3.3 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren

Kvalifikasjonskrav 3	Leverandøren skal ha erfaring frå tilsvarande prosjekteringsoppdrag.
Dokumentasjon	Leverandøren skal leggje ved ei oversikt over dei viktigaste relevante oppdraga dei siste fem åra, med opplysningar om oppdragets omfang, oppdragsgjevar, tidspunkt for gjennomføring og kontraktsverdi.
Kvalifikasjonskrav 4	Det vert kravd at leverandøren har eit verksamt kvalitetssystem.
Dokumentasjon	Leverandør skal dokumentere kva kvalitetssystem verksemda nyttar. Dersom leverandøren har sertifisering gjennom offentleg kjende ordningar som ISO 9001 eller liknande, skal kopi av gyldig sertifikat leggast ved tilbodet. Alternativt skal leverandør legge ved eigenerklæring som syner kvalitetssystemet si oppbygging og verkeområde.
Kvalifikasjonskrav 5	Leverandøren skal ha eit verksamt miljøleiingssystem.
Dokumentasjon	Sertifikat etter ISO 14001, Miljøfyrtårn, EMAS eller tilsvarande miljøleiingssystem. Dersom leverandøren ikkje har slik sertifisering, kan det leverast annan dokumentasjon som viser at verksemda har eit miljøleiingssystem med tilsvarande funksjon og effekt.

Leverandøren kan dokumentere erfaring ved å vise til kompetanse til personell dei rådar over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeida mens personellet har utført teneste for en annan leverandør.

Ved bruk av underleverandør(ar) skal det liggje føre skriftleg forpliktelseserklæring frå underleverandør som dokumenterer at naudsynte ressursar og kompetanse vert stilte til disposisjon for totalleverandøren i samband med gjennomføring av oppdraget.

4. Tildelingskriteria

4.1 Tildelingskriterium

Tildelingskriterium	Vekt	Dokumentasjonskrav
Pris	30	Ferdig utfylt prisskjema
Kompetanse og erfaring	20	Svar på pkt.4.2.2
Oppdragforståing	20	Svar på pkt.4.2.3
Kapasitet og gjennomføringsevne	30	Svar på pkt.4.2.4

Klima- og miljøomsyn

Oppdragsgivar vurderer at klima- og miljøomsyn vert betre ivaretekne gjennom kvalifikasjonskrav og krav til leveransen enn ved bruk av klima og miljø som tildelingskriterium, jf. anskaffelseslova § 5b. Oppdraget gjeld prosjektering av ombygging av eksisterande bygningsmasse, der sentrale miljøforhold som ombruk, materialval, energieffektivisering og levetidskostnader skal vurderast som del av leveransen. Oppdragsgivar vurderer derfor at klima- og miljøomsyn blir betre ivaretekne gjennom kvalifikasjonskrav og kontraktskrav enn ved å nytte klima og miljø som tildelingskriterium.

4.2 Evalueringsmetode

4.2.1 Tildelingskriteriet Pris (30%):

Pris vert evaluert på grunnlag av oppgitte timeprisar. Det vert føreteke ei lineær vurdering der beste pris vert gjeve 10 poeng øvrige tilbod får score etter ein skala der dobbel pris gjev 0 poeng.

4.2.2 Tildelingskriteriet: Kompetanse og erfaring (20%):

Det vil bli lagt vekt på kompetansen og erfaringa til dei nøkkelpersonane som er tilbydde for oppdraget. Vurderinga vil mellom anna omfatte erfaring frå tilsvarande prosjekteringsoppdrag, erfaring med ombygging og rehabilitering av eksisterande bygg, erfaring med offentlege byggeprosjekt og relevant erfaring med prosjekt der særskilde myndigheitskrav eller andre prosjektspesifikke rammevilkår har vore sentrale. Det skal leggjast ved CV for tilbydd nøkkelpersonell og ei skildring av inntil tre relevante referanseprosjekt frå dei siste fem åra. Det skal gå fram kva nøkkelpersonar som deltok i dei ulike prosjekta og kva rolle dei hadde.

4.2.3 Tildelingskriteriet: Oppdragforståing (20%):

Oppdragsgivar vil vurdere tilbydar si forståing av oppdraget og korleis oppdraget er planlagt gjennomført. Det vil bli lagt vekt på forståing av prosjektet sine mål, rammer og utfordringar, metode

for planlegging og gjennomføring av prosjekteringsarbeidet, kvalitetssikring og tverrfagleg koordinering, kostnadsstyring og risikohandtering, forståing av offentlege krav og prosjektspesifikke føringar, herunder Husbanken sine krav og retningsliner, samt korleis tilbydar vil gjennomføre vurderinga av eigna entreprise- og kontraktstrategi. Tilbydar skal dokumentere oppdragforståing og planlagd gjennomføring i ei skriftleg utgreiing på maksimalt to A4-sider.

4.2.4 Tildelingskriteriet: Kapasitet og gjennomføringsevne (30%)

Oppdragsgivar vil vurdere tilbydar si evne til å gjennomføre oppdraget innan ønskja tidsramme. Tilbydar skal legge ved framdriftsplan, tilgjengeleg kapasitet, bemanning og ressursdisponering.

Tilbydar skal leggje ved honorarbudsjett i samsvar med punkt 1.3. Honorarbudsjettet vil inngå i vurderinga av ressursplanlegging, kapasitet og realismen i gjennomføringa av oppdraget. Honorarbudsjett skal basere seg på tilbydar sin vurdering av oppdraget, og skal ikkje sjås i samanheng med førehandsdefinert timefordeling nytta for evaluering av pris.

Vidare skal det leggjast ved ei kort oppsummering av tre samanliknbare oppdrag der opphavleg honorarbudsjett vert samanlikna med faktisk ressursbruk, med grunngjeving for eventuelle vesentlege avvik. Dette vil inngå i vurderinga av tilbydar si evne til realistisk ressursplanlegging og kostnadsstyring.

5. Krav til tilbod og innlevering av tilbod

5.1 Levering av tilbod

Tilbodet skal leverast elektronisk via EU-Supply sitt konkurranseverktøy innan tilbodsfristen. Systemet tillet ikkje å sende inn tilbod elektronisk via EU-Supply etter tilbodsfristens utløp. Er du ikkje brukar hjå EU-Supply, eller har du spørsmål knytt til funksjonar i verktøyet, for eksempel korleis du skal gje tilbod, ta kontakt med EU-Supply Brukarstøtte på tlf. +47 23 96 00 10 eller på e-post til: kgv@eu-supply.com.

5.2 Komplett tilbod

Komplett tilbod skal som minimum innehalde:

Vedlegg skal merkast	**Dokumentasjon**
1 – Tilbodsbrev	Signert tilbudsbrev. Eventuelle forbehold skal klart fremgå av tilbudsbrevet med henvisning til hvor i tilbudet forbeholdet framkommer (sidetall og punktnummer).
2 – Prisskjema	Prisskjema med eventuelle vedlegg.
3 – Kvalifikasjonskrav	Bekreftelse på punkt 3.1 og 3.3.
4 – Tildelingskriterium	Besvarelse av kompetanse og erfaring, oppdragforståing, samt kapasitet og gjennomføringsevne jmf. pkt. 4.2.
5 – Forpliktelseserklæring	Eventuell forpliktelseserklæring frå underleverandør(ar), dersom tilbyder støtter seg på underleverandør for kvalifikasjon/utførelse.

5.3 Alternative/parallelle tilbod

Det er ikkje høve til å gje inn alternative- eller parallelle tilbod i denne konkurransen.

Det er ikkje høve til å gje inn tilbod på deler av oppdraget.

6. Handsaming av tilboda

6.1 Tilbodsopning

Tilbodsopninga vert utført elektronisk av representantar for oppdragsgjevaren. Det blir ikkje gjennomført offentleg tilbodsopning. Leverandør har ikkje høve til å være til stades ved opninga. Det blir ikkje sendt ut åpningsprotokoll.

6.2 Avvising av leverandør

Oppdragsgjevaren har plikt til å avvise leverandørar som ikkje oppfyller dei fastsette og kunngjorde kvalifikasjonskrava. Oppdragsgjevaren kan avvise leverandørar som ikkje har sendt inn anna etterspurt dokumentasjon.

6.3 Avvising av tilbod

Oppdragsgjevaren skal avvise tilbodet når det på grunn av vesentleg atterhald eller feil, uklareheit eller liknande som kan skape tvil om korleis tilbodet skal vurderast i høve dei andre tilboda. Oppdragsgjevaren kan avvise tilbodet når det ikkje inneheld alle dei opplysningar, oppgåver, prøver mm. som er kravd, ikkje gjev opp prisen slik som føresett i konkurransegrunnlaget, verkar unormalt lavt prisa i høve produktet/tenesta det er gjeve tilbod på.

6.4 Avlysing av konkurransen

Oppdragsgivar kan ved sakleg grunn avlyse konkurransen.

6.5 Tildeling av oppdrag

Oppdragsgjevaren si avgjerd om kven som får tildelt kontrakt skal vere skriftleg, og sendast alle deltakarane samstundes i rimeleg tid før kontrakt vert inngått. Med ”kontrakt vert inngått” meiner ein tidspunktet då begge partar underteiknar kontrakten. Vi gjer merksam på at totalpris slik den framkjem i leverandør sitt tilbod, vil være offentleg informasjon og kan sendast ut i tildelingsmelding.

7. Vedlegg

Med dette konkurransegrunnlaget er det følgjande vedlegg:

Vedlegg 1 – Funksjonsbeskriving

Vedlegg 2 - Prisskjema

Vedlegg 3 - Forprosjekt A38